# ----- Oppsummering innkomne innspill oppstartsvarsel Blindheim – Tynes

| | Oppsummering merknadar | Forslagsstillars vurdering/kommentar |
|---|---|---|
| 1 – 23.01.22<br>Kristen Blindheim | ▪ Meiner det er betre å flytte Kyrkjevegen 4-5 meter vestover. Det vil føre til mindre konflikt. | ▪ Kommunen må ta stilling til om dette er noko dei ønsker å vurdere |
| 2 – 18.01.22<br>Svein Tore Sørgård | ▪ Det er ikkje skreve kor mange meter frå vegen kommunen vil nytte til fortau.<br>▪ Han skal setje opp eit gjerde i mai 2022, og ynskjer innan den tid å få vite kor mykje plass fortauet skal ta.<br>▪ Det er ynskje om å få vite kvadratmeterpris på ekspropriasjon. | ▪ Det vil bli lagt opp til en fortausbredde på 3 meter.<br>▪ Kommunen må svare på spørsmål om ekspropriasjon |
| 3 – 09.02.22<br>Henrik Schmidt | ▪ Håper planavgrensinga ikkje er til hinder for å kople saman det nye fortauet med eksisterande fortau langs Tynesvegen.<br>▪ Reknar med ei god teknisk løysing ved den bratte Ulvsbakken.<br>▪ Det må vere råd å samordne fortauet med den nedste del av Ulvsbakken, slik at ein kan unngå at den gjer ein krok ut i det som eigentleg er del av køyrebana for Kyrkjevegen.<br>▪ Reknar med at det må vere råd å verte samde om ein høveleg erstatning for grunnen. Det takast for gitt at erstatning pr kvadratmeter vert lik for alle grunneigedomane. | ▪ Planavgrensinga er ikkje til hinder for å kople saman det nye fortauet med eksisterande fortau langs Tynesvegen.<br>▪ Ein skal tilstrebe gode tekniske løysingar i byggeplan<br>▪ Kommunen må svare på spørsmål om kompensasjon |
| 4 – 09.02.22<br>Sykkylven Energi AS | ▪ Det kan vere aktuelt å skifte ut avløpsleidninga som går i traseen, samt legge rør for straum og fiberkabel. | ▪ Merknad tas til følgje. |
| 5 – 11.02.22<br>Statens Vegvesen | ▪ Då det på strekninga langs Kyrkjevegen elles allereie er bygd gang- og sykkelveg, ser dei det uheldig å legge inn eit slikt systemskifte på ei strekning på ca. 250 m.<br>▪ Ber om at systemløysinga vurderast i planarbeidet, og at ulike alternativ vurderast.<br>▪ Ber om at handbok N100 og N101 leggast til grunn for planarbeidet. | ▪ Systemskifteløysinga vil vere i fokus, og fleire løysingar vil vurderast.<br>▪ SVV sine handbøker vil leggast til grunn i planarbeidet. |
| 6 – 02.03.22<br>Statsforvalteren i MogR | ▪ Rår til å følgje rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»<br>▪ Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone | ▪ Merknadar tas til følgje. |

| | | |
|---|---|---|
| | ▪ Prinsippet om universell utforming skal takast i vare i planlegginga, jamfør plan- og bygningslova §1-1 | |
| 7 – 28.02.22<br>NVE | ▪ Det er gjort kartlegging av fare for kvikkleireskred i Sykkylven kommune. Sjekk kartløysinga som viser resultata.<br>▪ Rår til at det vert kravd ansvarsrett for Geoteknikk (RIG) i byggesak.<br>▪ Rår til å nytte NVE si internettside for arealplanlegging, særleg «kartbasert rettleiar for reguleringsplan»<br>▪ Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområder er vedlagt. | ▪ Kartlegginga av fare for kvikkleireskred er lagt som grunnlag for reguleringsplanen<br>▪ Merknadar tas til følgje. |
| 8 – 01.03.22<br>Møre og Romsdal fylkeskommune | ▪ Ber om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring. Tiltakshavar pliktar å underrette den som skal utføre arbeidet om dette, men står også sjølv ansvarleg for at det blir overhaldt.<br>▪ Ber tiltakshavar om å vere merksam på at det er ein eldre kalkovn på Blindheim, og ber tiltakshavar varsle fylkeskommunen dersom tiltaket endrar seg slik at kulturminnet kan bli berørt. | ▪ Ein vil syte for varsamheit under arbeid på området.<br>▪ Ein skal etter planen ikkje kome i konflikt med kalkovnen som ligg i nærleiken. |